

## Handlingsplan 2013

Handlingsplan for LLP for 2013 er forma som ein årsplan og er forankra i LLP sin organisasjonsstrategi 2011-2015, Jf. sak 9.3 vedteke på landsmøte 2011.

### Strategi 1:

LLP skal vere eit arkivpolitisk talerør på arkivfeltet.

Tiltak:

- LLP skal følgje opp stortingsmeldinga om arkiv med innspel til familie- og kulturkomiteen på stortinget og med vidare oppfølging på konferansen om privatarkiv i Sandefjord 3.- 4. juni.
- LLP skal møte familie- og kulturkomiteen på stortinget med innspel til statsbudsjettet 2014. Innspelet skal søkjast kringkasta i media.
- LLP skal ta initiativ til eit møte med Riksarkivaren vedkomande oppfølging av arbeidet med privatarkiv og kommunal sektor.

### Strategi 2:

LLP skal arbeide for å heve nivået på arkivarbeidet og bidra til fagleg utvikling.

Tiltak:

- LLP skal vere med på å arrangere Det 6. norske arkivmøte.
- LLP skal delta i utviklinga av ASTA og Arkivportalen.no.
- LLP skal i samarbeid med Kulturrådet og Riksarkivet arrangere ein privatarkivkonferanse.
- LLP skal følgje opp arbeidet med fylkeskommunal administrasjonshistorie.
- LLP skal lyse ut stipend for 2013.
- LLP skal utarbeide mandat for sine utval.

### Strategi 3:

LLP skal styrke faglege fellesskap og nettverk.

- LLP vil i saker der det er naturleg samarbeide med andre aktørar, som Norsk Arkivråd, KS-arkivgruppe, Riksarkivaren, Norsk museumsforbund og Kulturrådet.
- LLP vil bli medlem av Arkivarer utan grenser.